



Eide Mesterbygg AS
Postboks 310
5343 STRAUME

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13328 - 20/54616

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
04.09.2020

Vi treng fleire opplysningar før vi kan behandla søknaden (bustad) - gbnr 35/12 Nævdal

Tiltak: Riving, ombygging og tilbygg til bustad
Byggjestad: Gbnr: 35/12
Tiltakshavar: Karl Martin Fjell
Ansvarleg søkjar: Eide Mesterbygg AS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om tiltak på bustad 09.07.2020. Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på at Alver kommune som eigar av kommunevegen er varsla.
2. Situasjonsplan som er påført ytre hovudmål for bygget og der plassering av eksisterande og nytt bygg går fram.
3. Teikningar som viser kva som skal rivast, kva som er gamalt bygg og kva som er nytt bygg. Dette skal visast både på plan-, snitt- og fasadeteikningar.
4. Søknad om utsleppsløyve. Det vert sett krav om at eksisterande avløpsanlegg for eigedomen skal oppgraderast til minireinsanlegg. Godkjend utsleppsløyve skal liggja føre før det vert gjeve byggeløyve.

Vi legg til grunn at det er reviderte teikningar datert 10.06.2020 som gjeld.

Kommunen ber om at tilleggsmønstre vert sendt inn samla innan **01.11.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før

innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

| | | | |
|--------------------|--------------|------|---------|
| Eide Mesterbygg AS | Postboks 310 | 5343 | STRAUME |
| Karl Martin Fjell | Hodno 79 | 5957 | MYKING |
| Karl Martin Fjell | Hodno 79 | 5957 | MYKING |

Mottakarar:

| | | | |
|--------------------|--------------|------|---------|
| Eide Mesterbygg AS | Postboks 310 | 5343 | STRAUME |
|--------------------|--------------|------|---------|